



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 29.11.2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2022 – LIASLETTET I TINGVOLL – BN00016680

Dykkar ref. 2022/202.

Utført arbeid 2022

Slått

Det blei slått ei økt med slåmaskin 31.8. 1 lass med halvtørka gras blei køyrt bort på kvelden 1.9. 2.9. blei resten av øvre delen slått, med ljà. Platået framfor hytta blei delvis slått, har vore dels klipt, dels ikkje gjort noko med tidlegare. Ein del gras slått dagen før blei breia, og utpå ettermiddagen samla i presenning. Det blei også køyrt bort eit lass med gras. 3.9. blei graset i presenninga breia, og tatt inn som tørrhøy på ettermiddagen. Graset slått 1.9. blei breia på føremiddagen og var næraste tørt, men blei lagt i ranke på ettermiddagen, sidan det ofte er ein del blåknapp som ikkje tørker like fort som resten. 2.9. var heile øvre del, også kant, slått.

2.9. blei alle frøhovud av myrtistel sank. Mesteparten var under kontroll, men det kunne med fordel ha vore gjort 2 veker tidlegare.

Det er litt einstape nedanfor uthuset og ein mindre flekk langt nede på austsida. Einstapen blir slått samtidig som det andre og ser ikkje ut til å spreie seg, heller reduserast noko.

10.9. blei det slått ein del på nedre halvdel, og dette blei frakta bort dagen etter, halvtørt. 20.10. og 25.10. blei det slått to lass til, heilt nedst. Ved nøye kantslått på austsida ville det blitt endå eit lass, men timebudsjettet har stor nok sprekk som det er.

Det var budsjettert med 17 timar til slått, og det er bruka 29,5 timar. Det er slått 7 lass, av desse 2 med tørrhøy, på til saman 11,5 m³ trakka. Til samanlikning blei det i 2021 5 lass, av desse eitt høyllass, på til saman 3,5 m³ trakka.

Hogst

Det er bruka 9,5 timar til hogst. Det er hogd ei stor furu nede på vestsida, som skugga mykje. Vidare er det hogd ein god del i hovudsak bjørk lenger opp på vestsida, der det er tufter etter fjøs. Det er hogd nokre tre, i hovudsak bjørk, også på austsida av lokaliteten.

Restaurering

Det er ikkje utført typisk restaureringsarbeid i år.

Artsobservasjonar

Fiolett greinkøllesopp blei påvist alt 21.7. på kjent stad nær hytta. Under slåttan blei det funne ganske mange fruktlekamar i dette området, i alle fall over 20, men dei aller siste var i ferd med å tørke bort ved slåttan.

Det har elles ikkje vore mykje besøk på lokaliteten i sommar, og under slåttan var mellom anna beitemarksoppene gått over frå godt vatna til opptørka og rare.

Det er lagt inn nokre funn på www.artsobservasjoner.no også i år.

Deltaking

Statsforvaltaren sin representant fekk høve til å sjå enga samtidig med slåttedagen på Museet. Ein del elevar har vore på lokaliteten som ein del av Den naturlege skulesekken.

Det har ikkje vore dugnad på denne lokaliteten i år, så arbeidet er utført av Folden grønt og plan.

Tidsbruk

Det er brukt i alt 41 timar på skjøtsel. Slått utgjer 29,5 timar, hogst 9,5 timar og administrasjon resten. 58 km køyring.

Behov neste sesong

Det er tre som er til hinder for høytørk både på vestsida, sørsida og austsida av lokaliteten. Særleg på austsida vil fjerning av fleire tre også auke kontakten med steingarden. På austsida er det nok også mogleg å slå ein del meir blåbærlyng, slik at det blir meir graspreg nærare steingarden.

For å halde unna for tilveksten er det nødvendig med noko hogst langs kantane nesten kvart år.

Naturvernforbundet er i dialog med eigar og er innstilt på å halde fram skjøtselen også i 2023.

Med helsing

Øystein Folden
Slåttesjef

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto 31.08.2022, Øystein Folden. Avlinga var ganske stor dette året.



Figur 2. Bilete frå 01.09.2022, Øystein Folden. Frå midten og oppover



Figur 3. 25.10.2022, Øystein Folden. Nedre del er slått. Eit lite parti har mykje mose og blir slått annakvart år eller sjeldnare. Ei furu er hogd.